

Miljøhandlingsplan 21/22 for Slåttebakkane barnehage



Periodens tema

Avfall, kjeldesortering og kompostering.

Skildring av temaet

Vi har starta med kjeldesortering og kompostering. Vi sorterer, papir, plast, metall, glas, batteri, mjølkekartongar, restavfall og gjenbruksmateriell (det vi kan bruke igjen t.d. til formingsaktivitetar). Vi inkluderer barna i dette arbeidet.

Barnehagen har kjøpt «Bokashi» bøtter og vi er i gang med jordfabrikk innandørs. Heile personalet og de eldste barna deltek i denne prosessen.

Vi har stort fokus på matsvinn ved at barna tar seg mindre porsjonar og heller forsyner seg fleire gongar.

Vi har snakka om å ha større fokus på gjenbruk både av emballasje og klede. Vi ynskjer å involvere foreldra meir i dette.

Stor avdeling har fast turdag i nærområdet. Vi tek med oss poser og plukkar søppel vi finn langs vegen. Målet er å gjere barna medvitne om korleis ein kan ta vare på miljøet og kva konsekvensar forsøpling har for naturen og planeten vår.

Barna følgjer med på «Planetpatruljen» som er en tv-serie i regi av andre barn, med fokus på miljøvern.

Tidlegare miljøprosjekt

Tidlegare har vi ikkje hatt særskilt fokus på miljø eller vore involvert konkret i miljøprosjekt. Vi har hatt interesse, men har måtte prioritert andre prosjekt.

Vidare planar

Dersom prosjektet blir vellukka, har vi lyst til å utvide kjøkkenhagen vår og dra nytte av komposten vi har laga i løpet av vinteren. Målet er og å evt. plante meir av bærbusker til våren 2022.

Vi vil og har meir fokus på gjenbruk, noko vi har ikkje vore så flinke til tidlegare.

Organisering av prosjektet

Det er etablert eit miljøråd som består av følgjande personar:

- Einingsleiar
- Øvrige personale (2)
- De eldste barna i barnehagen (3, men kan variere frå år til år)

Mål og delmål

Overordna mål er å auke bevisstheit om korleis vi kan ha positiv påverknad på miljøet og bidra til å redusere avfallsmengder. Vi har ansvar for å lære komande generasjon, i samarbeid med heimen, å ta vare på naturen og miljøet. Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheitar om korleis en kan bidra til ein rein og vakker klode gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

Delmåla for prosjektet er:

- Lære om kjeldesortering (korleis kjeldesortere og kvifor)
- Redusere avfall og matsvinn
- Vere kreativ når det gjeld gjenbruk av t.d. papp, glas og plast til å lage nye produkt eller til div. formingsaktivitetar
- Etablere kompostering og jordfabrikk
- Dyrking av grønsaker, bær og blomar og nytte eigen kompost i denne prosessen

Finansiering/ressursar

Det er satt av timar til å leie og drive prosjektet. Alle utgifter er dekkja av barnehagen sitt budsjett.

Aktivetsplan barnehageåret 2021-2022

Aktivitet	Beskrivelse	Start	Ferdig	Deltakar	Ansvarleg	Kommentarar	Evaluering
1.	Fullføre miljøhandlingsplan	Veke 38	Veke 38	Faggruppa	Miljøråd		
2.	Fullføre søknad om registrering	Veke 39	Veke 39	Einingsleiar	Einingsleiar		
3.	Presentasjon handlingsplan på planeggingsdag 13/8 og foreldremøte 29/9	Veke 33	Veke 40	Alle	Einingsleiar		
4.	Snakke om kjeldesortering med barna	kontinuerleg		Alle	Alle		
5.	Jobbe mot matsvinn	kontinuerleg		Alle	Alle		
6.	Plukke søppel i nærmiljø	1 x i veka		Stor avdeling	Tilsette på avd.		
7.	Ta bilete av søppel og dekorere avfallsbeholdar	Veke 40	Veke 41	Stor avd.	Ped.leiar		
8.	Forskningsprosjekt med barna, grave ned søppel	Veke 40	Veke 41	Ekorngruppa (eldste barna)	Tilsette på avd.		
9.	Lage papir	oktober		Stor avdeling	Tilsette på avd.		
10.	Klesbyte-veke	Veke 3	Veke 4	Føresette	Miljøråd	Det som ikkje blir til nytte til andre barn, gir vi til Fretex	
11.	Møte i miljørådet, evaluering av halvårets miljøarbeid	Veke 10		Miljørådet	Einingsleiar		
12.	Utarbeide søknad om sertifisering	Veke 10	Veke 13	Miljørådet	Einingsleiar	Alle pedagogar skal skrive ½ side om korleis dei har jobba med prosjekte	
13.	Planleggingsdag, evaluering i lag med heile personalgruppa	Veke 11		Alle tilsette	Miljørådet		

14.	Tema «natur og miljø» <ul style="list-style-type: none"> • Så planter og grønnsaker. • Førebu kjøkkenhagen til sommaren og til å ta i mot nye vekstar. • Stelle plantene • Hauste tidlege vekstar t.d. rabarbra • Viktig at barna deltek aktivt og føler at dei har ansvar for plantene 	Veke 16	Veke 32	Stor avdeling	Tilsette på avd. og einingsleiar		
-----	--	---------	---------	---------------	----------------------------------	--	--